

Grunngeve spørsmål om ferjefri E39

Ferjefri E39 er eit svært viktig tiltak for å utvikle Hordaland og heile Vestlandet.

Ei av årsakene til at dette prosjektet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra er at vi har arbeidd oss fram til ei brei politisk semje rundt dette store tiltaket.

Etter fleire politiske utspel den siste tida knytt til strekninga E39 Stord – Os, har det dessverre oppstått tvil og usikkerhet om det framleis er politisk vilje til å realisere prosjektet.

Planprogrammet for denne strekninga er vedtatt av aktuelle kommunar og Hordaland fylkesting, og har lagt til grunn for det omfattande planarbeidet som no snart er ferdig.

Eg har registret at den nye politiske leiinga på Stord i sin politiske plattform har sagt at dei vil be staten redusere hastighet, vegbreidde og planløyising for prosjektet «på den delen som går over Stord og øvrige kystlandskap».

Dette synet stadfesta ordføraren på Stord i BT 26.10.

I same artikkel uttaler fylkesordføraren at ho ikkje vil svare på om ho vil støtte dette synet, men legg til:

«Jeg registrerer hva de sier men jeg mener ikke noe om det nå».

Dette er - for å seie det forsiktig, ei svært overraskande uttale frå fylkesordføraren.

Ferjefri E39 er det viktigaste einskildtiltaket for å betra rammevilkåra for nærings- og samfunnsutvikling i heile landsdelen vår. Usikkerhet om dette viktige prosjektet skaper difor uro og bekymring – ikkje berre i Sunnhordland, men i heile Hordaland og Rogaland.

Fylkesordføraren sitt uklåre svar på eit så viktig spørsmål er med på å forsterke denne usikkerheten.

I sin politiske plattform er den nye fleirtalskoalisjonen i Hordaland fylkesting tydeleg på at dei vil prioritere arbeidet med Hordfast. Det er bra.

Spørsmålet mitt er om fylkesordføraren no kan stadfeste at Hordaland fylkeskommune også i det vidare arbeidet vil halde seg til det vedtekne planprogrammet?

Nils Marton Aadland

Fylkestingsrepresentant (H)